



POLITIET

Krav om innsyn dei sentrale politiregistra

Du kan be om innsyn i det som er registrert i politiet sine register. Dette gjeld både informasjon om deg og om ting du eig. Du får som hovudregel ikkje innsyn i opplysningar om andre personar.

Send skjemaet til Kripos (Postboks 2094 Vika, 0125 Oslo), politidistriktet som vedtok registrering, eller politidistriktet du bur i. Adresseoversikt finn du på politiet.no.

Politiet gjer merksam på at e-post ofte blir sendt ukryptert. Teiepliktige, sensitive eller andre fortrulege opplysningar bør derfor ikkje sendast med e-post. Dette gjeld òg meldingar som inneheld fødselsnummer.

Svaret på kravet vil bli sendt til den folkeregistrerte adressa di. Har du ikkje nokon digital postkasse, eller har du reservert deg mot digital post, blir svaret sendt til den folkeregistrerte adressa di.

Personalia

Fornamn:			
Etternamn:			
Tidlegare etternamn:			
Adresse:			
Postnr.:	Poststad:	Fødselsnummer (11 siffer)	Telefon:
E-post:			

Eg ønsker innsyn i personopplysningar om:

- meg sjølv
- eige barn / eigne born under 18 år
- ein person eg handlar på vegner av (legg ved fullmakt)

Sett inn opplysningar om den du ønsker innsyn i personopplysningar om:

Fornamn:
Etternamn:
Fødselsnummer (11 siffer):

Underskrift

Stad	Dato	Underskrift	Underskrift føresett/verje
------	------	-------------	----------------------------

Har du hugsa å legge ved legitimasjon?

Kravet om innsyn må vere underteikna, og du må legge ved kopi av gyldig legitimasjon. Se side 5 for kva vi reknar som gyldig legitimasjon.

Dersom den registrerte er under 15 år, må ein føresett underteikna kravet om innsyn. Frå fylte 15 år kan den registrerte sjølv be om innsyn etter politiregisterlova. Føresette/verje kan på sjølvstendig grunnlag be om innsyn i opplysningar om den registrerte (barnet) fram til fylte 18 år. I slike tilfelle bør barnet bli informert.

Dersom du har kravd innsyn på vegner av barn over 15 år, vil barnet få kopi av svaret. Du må derfor opplyse om barnet sin kontaktinformasjon.

Kontaktinformasjonen til barnet (folkeregistrert adresse)

Adresse:	Postnr.:	Poststad:
----------	----------	-----------

Oppgi kva register eller sak du krev innsyn i

Kryss berre av for register som er relevante for kravet ditt.

Dersom du ønsker innsyn i eitt eller fleire av politiet sine sentrale register, les informasjonsteksten på side 5 og 6 og kryss berre av for register som er relevante for kravet ditt.

Ønsker du innsyn i opplysningar politiet har registrert om reaksjonar du har fått som følge av lovbrøt du har gjort? Opplysningar frå reaksjonsregisteret kan som hovudregel berre gjevast munnleg. Dersom du ønsker innsyn i reaksjonsregisteret, ber vi deg derfor oppsøke det lokale politidistriktet ditt.

Dersom du har spørsmål om politiattest, kan du lese meir om dette på politiet.no eller ta kontakt med Politiets eining for vandelskontroll og politiattestar i Vardø.

Ønsker du innsyn i opplysningar politiet har registrert om deg fordi du har politimeldt ei sak, eller fordi du har vore meld, fornærma eller vitne i ei straffesak?

For å få innsyn i straffesaksregisteret må du beskrive saka nærmare. Merk at spørsmål om innsyn i *straffesaksdokument* (f.eks. avhøyr, politimelding, vedtak) må rettast til politidistriktet/særorganet som behandla straffesaka.

Straffesaksregisteret

Tid Stad

Beskriving av hendinga

Ønsker du innsyn i opplysningar politiet har registrert om deg fordi du har vore i kontakt med politiet sin operasjonssentral i samband med ei hending, eller har vore involvert i ei hending som kan vere registrert?

For å få innsyn i politioperativt register må du angi tid, stad og hending eller på anna vis identifisere hendinga du trur kan ha blitt registrert. Politiet gir ikkje innsyn i dei interne vurderingane sine og planlegging av teneste.

Politioperativt register

Tid Stad

Hending

Ønsker du innsyn i lydlogg etter at du har vore i kontakt med politiet sin operasjonssentral i samband med ei aktuell hending eller eit aktuelt oppdrag?

For å få innsyn i lydlogg må du oppgi tid, stad og hending eller på anna vis identifisere den registreringa du ønsker innsyn i. Opplysningar i lydlogg blir som hovudregel automatisk sletta etter 90 dagar.

Lydlogg

Tid Stad

Hending

Ønsker du innsyn i opplysningar om deg i samband med at du har vore innsett i politiarrest/varetekt? Opptak av lyd og bilete blir som hovudregel automatisk sletta etter 30 dagar.

Arrestjournal

Opptak av lyd og bilete i politiarrest

Ønsker du innsyn i foto som politiet har teke av deg i samband med ei sak du har vore mistenkt eller sikta i, eller som du er dømd for?

Fotoregisteret

Har politiet teke fingeravtrykk av deg, og du ønsker innsyn i kva som er registrert i fingeravtrykkregisteret?

Fingeravtrykkregisteret

Har politiet teke DNA-prøve av deg, og du ønsker innsyn i kva som er registrert om deg i DNA-registeret?

DNA-registeret

Ønsker du innsyn i person-/føretaksopplysningar og politiopplysningar om deg registrert i samband med eit tiltak retta mot deg / føretaket ditt?

Personidentitets- og politiopplysningsregisteret

Ønsker du innsyn i opplysningar politiet har registrert om deg i samband med kriminaletterretning?

Kriminaletterretningsregisteret

Ønsker du innsyn i opplysningar politiet har registrert om deg i samband med grensekontroll og/eller utlendingskontroll?

Grense- og territorialkontrollregisteret

Ønsker du innsyn i flypassasjeropplysningar politiet har registrert om deg i samband med førebygging, avdekking, etterforsking og rettsforfølging av terrorhandlingar og alvorleg kriminalitet?

Passasjerlisteregisteret

Ønsker du innsyn om du eller ein gjenstand du eig, har vore etterlyst i samband med strafforfølging eller politiet sine andre oppgåver?

Etterlysingsregisteret

Ønsker du innsyn i opplysningar politiet har registrert om deg i samband med gjennomføring og oppfølging av politiet sine bekymringssamtaler med mindreårige og deira føresette?

Det er berre registrert opplysningar i registeret for bekymringssamtaler dersom den det gjeld, er født etter 1. april 1985. Dersom den kravet gjeld, er født før 1. april 1985, er det ikkje registrert opplysningar i registeret, så du får ikkje innsyn.

Bekymringssamtaler

Har du eller den du ber om innsyn for, vore meld sakna i ein tidsperiode på minst 3 månader, eller antatt omkommen, og ønsker du innsyn i desse opplysningane?

Saknaregisteret

Ønsker du innsyn i opplysningar som politiet har registrert i samband med at du har vore involvert i sak om mistenkelege transaksjonar (kvitvasking eller terrorfinansiering)?

Kvitvaskingsregisteret

Økokrim er behandlingsansvarleg for kvitvaskingsregisteret. Dersom du krev innsyn i dette registeret, bli kravet ditt sendt vidare til Økokrim.

Ønsker du innsyn i opplysningar politiet har registrert om deg i samband med oppgåver politiet utfører etter utlendingslova eller ved politiet sitt utlendingsinternat?

Politiets utlendingsregister

Politiets utlendingseining er behandlingsansvarleg for politiet sitt utlendingsregister. Dersom du krev innsyn i dette registeret, blir kravet ditt sendt vidare til Politiets utlendingseining.

Nærmare beskriving av saka

Dersom du er usikker på kva register du skal be om innsyn i, kan du beskrive i kva samanheng du meiner å ha blitt registrert.

Legitimasjon

Gyldig legitimasjon må leggast ved for at kravet skal kunne behandlast. Gyldigheitsdatoen på legitimasjonen kan ikkje ha gått ut. Kva godtek vi som legitimasjon?

- pass (ikkje naudpass)
- norsk bankkort med bilete
- norsk førarkort – original og duplikat (ikkje førarkort av eldre dato – “grønt førarkort”)
- nordiske førarkort av EU/EØS-standard
- Forsvarsdepartementet sitt ID-kort (frå 2004)
- Posten sitt ID-kort utferda etter 1. oktober 1994
- nasjonalt ID-kort utferda innanfor EØS-området
- asylsøkarbevis i tillegg til signatur og fødestad
- norsk reisebrev for flyktningar (grønt pass)
- norsk utlendingspass (blått pass)

For juridiske personar (firma, organisasjonar o.l.) som er registrerte i føretaksregisteret:

Firmaattest som ikkje er eldre enn 3 månader. Kopi av relevant dokumentasjon må leggast ved.

For juridiske personar (firma, organisasjonar o.l.) som er registrerte i einingsregisteret, men ikkje i føretaksregisteret:

Utskrift frå einingsregisteret som inneheld alle registrerte opplysningar om eininga, og som ikkje er eldre enn 3 månader.

For juridiske personar (firma, organisasjonar o.l.) som ikkje er registrerte i einingsregisteret, men i eit anna offentleg register:

Attest eller utskrift frå registeret som gir opplysningar om namn, adresse for forretningsstad eller hovudkontor og eventuelt utanlandsk organisasjonsnummer. Det skal gå fram kva offentleg register som kan bekrefte opplysningane.

Den som krev innsyn på vegner av ein juridisk person, må legge fram fullmakt for dette.

Oversikt over kva politiregistra inneheld

Straffesaksregisteret (politiregisterforskrifta kap. 48)

Opplysningar om mottekne politimeldingar og oppfølging av straffesaker. Registeret skal gi ei oversikt over saksgangen for alle straffesaker og danner òg grunnlag for ei rekke statistikkar.

Reaksjonsregisteret (politiregisterforskrifta kap. 44)

Opplysningar om straff som er gjeve og andre tiltak som er pålagde som følge av lovbrøt. Det blir registrert opplysningar om personalia, reaksjonar og tiltak. Opplysningar frå registeret danner grunnlag for vandelskontroll etter politiregisterlova kap. 7.

Personidentitets- og politiopplysningsregisteret (politiregisterforskrifta kap. 49)

Inneheld personidentitets- og politiopplysningar og skal sikre at politiet si behandling av saks-, reaksjons- og identitetsopplysningar er knytt til rett person eller føretak. Opplysningar frå registeret danner grunnlag for vandelskontroll etter politiregisterlova kap. 7.

DNA-registeret (politiregisterforskrifta kap. 45)

DNA-registeret består av eit identitetsregister, eit etterforskningsregister og eit sporregister. Inneheld opplysningar frå DNA-prøver innhenta i tråd med straffeprosesslova § 158 og politiregisterlova § 12.

Fotoregisteret (politiregisterforskrifta kap. 46)

Fotoregisteret består av eit identitetsregister, eit etterforskningsregister og eit sporregister. Fotoregisteret inneheld foto som er innhenta i samsvar med straffeprosesslova § 160, reglane i påtaleinstruksjonen kap. 11 og politiregisterlova § 13.

Fingeravtrykkregisteret (politiregisterforskrifta kap. 46)

Fingeravtrykkregisteret består av eit identitetsregister, eit etterforskningsregister og eit sporregister. Fingeravtrykkregisteret inneheld fingeravtrykk som er innhenta i samsvar med straffeprosesslova § 160, og reglane i påtaleinstruksjonen kap. 11 og politiregisterlova § 13.

Kriminaletterretningsregisteret (politiregisterforskrifta kap. 47)

Opplysningar for å førebygge, avdekke og stanse kriminell verksemd samt ta i vare sikkerheita til den enkelte. Av omsyn til blant anna kampen mot kriminalitet har politiet ein omfattande rett til å gjere unnatak frå innsynsretten i dette registeret, etter ei konkret vurdering.

Saknaregisteret (politiregisterforskrifta kap. 50)

Opplysningar om sakna, antatt omkomne personar og opplysningar om uidentifiserte lik.

Forts. neste side.

Oversikt over kva politiregistera inneheld (forts.)

Etterlysingsregisteret (politiregisterforskrifta kap. 51)

Inneheld opplysningar om personar og gjenstandar som er eller har vore etterlyste nasjonalt i samband med straffeforfølgning eller politiet sine andre oppgåver.

Kvitvaskingsregisteret (politiregisterforskrifta kap. 52)

Register for rapportering om mistenkelege transaksjonar. Av omsyn til blant anna kampen mot kriminalitet har politiet ein omfattande rett til å gjere unnatak frå innsynsretten i dette registeret, etter ei konkret vurdering. Innsynskrav som gjelder opplysningar i kvitvaskingsregisteret og register for Nasjonalt tverretatleg analyse- og etterretningssenter ved Økokrim skal rettast til Økokrim.

Politioperativt register (politiregisterforskrifta kap. 53)

Gir politiet si operasjonsleiing ei fortløpande og døgnkontinuerleg oversikt over hendingar og oppdrag, og blir brukt til planlegging og gjennomføring av den operative polititenesta i eit politidistrikt.

Lydlogg (politiregisterforskrifta kap. 53)

Automatisert og fortløpande opptak av kommunikasjon på telefon og anna sambandsutstyr ved politiet sine operasjonssentralar.

Arrestjournal og opptak av lyd og bilete i politiarrest (politiregisterforskrifta kap. 54)

Oversikt over alle personar som er innsette i politiarrest etter reglane i straffeprosesslova, utlendingslova og politilova. Formålet med lyd- og biletopptak i politiarresten er å take verne om livet og helsa til arrestanten.

Bekymringsamtaler (politiregisterforskrifta kap. 58)

Inneheld opplysningar i samband med gjennomføring og oppfølging av politiet sine bekymringsamtaler med mindreårige og deira føresette, jf. politilova § 13.

Grense- og territorialkontrollregisteret (politiregisterforskrifta kap. 55)

Inneheld opplysningar i samband med politiet sin grensekontroll og utlendingskontroll på territoriet.

Politiets utlendingsregister (politiregisterforskrifta kap. 56)

Politiets utlendingsregister (politiregisterforskrifta kap. 56) Blir brukt av politiet si utlendingseining for å løyse oppgåvene dei har etter utlendingslova, og for oppgåveløysinga ved politiet sitt utlendingsinternat. Innsynskrav som gjeld opplysningar i politiet sitt utlendingsregister, skal rettast til Politiet utlendingseining.

Passasjerlisteregisteret (politiregisterforskrifta kap. 60)

Registeret gir ei oversikt over passasjeropplysningar som er henta inn frå og overførte frå luftfartsselskap. Opplysningane blir behandla for å bidra til å førebygge, avdekke, etterforske og rettsforfølge terrorhandlingar og alvorleg kriminalitet.

Informantregisteret (politiregisterforskrifta kap. 57)

Nasjonalt oversikt over politiet sine informantar. Krav om innsyn i informantregisteret skal rettast til Kripos.